

RAPPORT OM ORDBOKARBEIDET 2003

Også i 2003 har arbeidet med *Norsk-esperanto ordbok* gått jamt og stødig framover. Det verkar som dei største vanskanane med omsyn til databasen no er overvunne, slik at ein kan konsentrera seg om korrekturlesing i 2004.

Redaksjonsnemnda som leier arbeidet, har også i 2003 vore samansett av Jardar Eggesbø Abrahamsen, Herman Raner og Kjell Heggvold Ullestad. Forutan desse har også dei øvrige medlemmene i Grupo Esperantista de Trondheim (GET) deltatt aktivt i arbeidet i året som gjekk.

1. Kva som er gjort i 2003

Norsk korrekturlesing

Korrekturlesinga av den norske delen av ordbokmaterialet blei avslutta fyrst på året. Dette arbeidet omfatta kontroll av rettskrivinga i dei norske oppslagsorda med evt. forklaringar og idiom, samt ordklassemarkering og fagforkortingar. Dette arbeidet var ein føresetnad for å kunna samanlikna med materialet for *Bokmålsordboka* (sjå nedanfor).

Korrekturlesing av omsetjingar

Kjell starta i vår med å korrekturlesa omsetjingane i den delen av materialet som utgjer *Norsk-esperanto ordbok* frå 1963 (det såkalla 63-materialet). Framgangen i dette arbeidet har vore raskare enn forventa, og ved utgangen av 2003 var 63-materialet t.o.m. R korrekturlese med unntak av I, J (delvis korrekturlese av GET) og N (oppslaga på N i 63-materialet lar seg ikkje skilja ut pga. feil i registreringa).

Johan Hammond Rosbach sine rettingar på dei botaniske og zoologiske uttrykka (gjort i 2002) er også registrerte, slik at desse fagområda no er ferdig korrekturlesne.

GET har hatt 6 dugnadsmøte i 2003, der klubbmedlemmane har korrekturlese i alt ca. 12000 omsetjingar. Arbeidet som blir gjort på desse møta har mykje å seia for Kjell sitt arbeid med å gå gjennom omsetjingane, både når det gjeld fart og presisjon. Berre GET-rettingane på 63-materialet frå A til M (bortsett frå I og J) er registrerte i ordbokbasen. Bokstavane O-R i 63-materialet er ferdig korrekturlese, og vil ikkje bli handsama på dugnadsmøte.

Korrekturlesinga av fagtermene innan kjemi og fysikk er delegert til Herman Raner, medan Tomas Jansson har arbeidd med medisin, anatomi, biologi og fysiologi.

Komplettering av materialet

Blant bøkene og dokumenta som Lars Kåre Hunnes har overrekt til GET dukka det opp ei tjukk mappe med tittelen "Esperanto-norsk-esperanto ordbok. Diverse forslag." Denne mappa viste seg å innehalda ei rekkje meir og mindre komplette utkast til esperanto-ordlister. To av desse forslaga er norsk-esperanto. Det eine av desse er eit utkast til "malšlosilo" og er fullstendig. Det andre norsk-esperanto-materialet er meir omfattande i innhald, men her manglar fleire bokstavar i alfabetet.

Ved utgangen av 2003 var Kjell nær ferdig med gjennomgangen av desse norsk-esperantolistene. Målet med gjennomgangen var fyrst og framst å finna norske oppslagsord som mangla i materialet vårt, men også å finna nye, gode omsetjingar. Per 17. januar 2004 har Kjell registrert i overkant av 800 nye oppslagsord og omsetjingar frå materialet etter Hunnes. Av oppslagsord som er komne til kan nemnast *copyright*, *barbermaskin*, *flykte*, *matlyst*, *dusinvis* og *juling*. I tillegg mangla oppslaget ”år” med omsetjinga ”jaro”. Truleg har denne omsetjinga ramla ut av materialet ein gong, ein feil som blei oppdaga takk vere gjennomgangen av Hunnes sine lister.

Redaksjonsnemnda har eigentleg det standpunktet at ei omfattande utviding av materialet høyrer til på eit seinare steg i prosessen, då særleg i samband med nyare utgåver. Prosjektet er òg definert til å vera å laga ei best mogleg ordbok av det eksisterande materialet. Det er likevel klart at ei viss oppdatering må gjerast før utgjevinga i og med at den største delen av materialet er av relativt gammal dato. Funna i materialet etter Hunnes viser òg at det var lønsamt å avvika frå den snorrette vegen.

I tillegg oppdaterer Kjell databasen kontinuerleg med viktige oppslagsord og omsetjingar under korrekturlesinga, men denne oppdateringa er ikkje systematisk.

Jamføring med Bokmålsordboka

Jardar Eggesbø Abrahamsen gjennomførde i august den fyrste jamføringa mellom materialet til *Norsk-esperanto ordbok* og databasen til *Bokmålsordboka*. Føremålet med denne jamføringa var å finna ord som er i vårt material, men ikkje i *Bokmålsordboka*.

Resultatet blei ei lang liste ord (som t.d. *båndslag*, *førerskole*, *gravkammer* og *partall*), som blei brukt til å finna såvel skrivefeil som feil i ordklassar som var oversett under den norske korrekturlesinga. Desse listene vil etter kvart bli sende til redaksjonen for *Bokmålsordboka* som takk for hjelpa, slik at dei får komplettert sitt materiale.

Seinare vil me jamføra materiala ein gong til for å finna ord som manglar i vårt materiale.

Redaksjonelt arbeid

Det har ikkje vore ordinære redaksjonsmøte i 2003, men det har vore ein del uformelle diskusjonar som har enda opp i vedtak gjort per e-post. Det viktigaste vedtaket var å revidera fagforkortingane. Resultatet blei ein kraftig reduksjon i talet på fagforkortingar, samt at fleire fag/emne fekk nye namn.

På klubbmøta har GET fortsatt arbeidet med å fjerna uaktuelle ord frå materialet. Også i år har mange ord fått dødsdomen ved plenumsvedtak etter innstilling frå Kjell.

2. Databasen

Databasen inneheldt ved årsskiftet i underkant av 77000 postar, dvs. omsetjingar og kryssreferansar. Det blir jamleg tatt kopi av databasen, både på harddisken og på CD. CD-en blir oppbevart på universitetet for tryggleiken si skuld.

På nyåret, i samband med at den norske korrekturlesinga av avslutta, blei det brent ekstra kopiar av databasen for oppbevaring hjå GET og NEL. Desse CD-ane inneheldt òg arkivet med dei originale kjeldefilene.

Det har ikkje vore tekniske problem med databasen i 2003.

Me har ikkje oppdaga manglar eller feil ved databasen i 2003.

3. Arbeidsoppgåver i 2004

I 2004 er oppgåva å koma lengst mogleg med korrekturlesinga av omsetjingane. I fyrste omgang gjeld det å koma gjennom 63-materialet. Når den gjennomgangen er ferdig, vil heile materialet bli gjennomgått samla. Denne framgangsmåten inneber to gjennomgangar av 63-materialet. Grunnen til at 63-materialet blir handsama separat fyrst, er at dette materialet (truleg?) er raskast å gå gjennom, noko som gjer at me kan ganske tidleg kan få eit ferdig materiale som kan brukast i utviklinga av den elektroniske ordboka. I gjennomgangen av resten av materialet er det viktig å ikkje leggja 63-materialet til sides for ikkje å missa oversikten m.o.t. manglar og dobbelføringar.

I starten av korrekturlesinga av materialet utover 63-materialet vil Kjell sitt arbeid langt på veg vera ”sekretærarbeid”, i og med at dei fyrste bokstavane i alfabetet er gjennomgått på dagnadsmøte. Desse rettingane på registrerast i databasen, i tillegg til at problem ein ikkje har greidd å løysa på dagnadsmøta må løysast så langt det er råd.

I tillegg til Kjell si korrekturlesing vil GET ha dagnadsmøte i 2004 òg, samt at ”vortara kvaronhoro” nærast er institusjonalisert på dei ordinære klubbmøta.

I løpet av 2004 bør me òg begynna å tenkja på utforminga av den elektroniske utgåva av ordboka.

4. Framdrift

Det er framleis vanskeleg å seia noko om kor lang tid korrekturlesinga av omsetjingane vil ta, særleg før ein er ferdig med 63-materialet.

Korrekturlesinga av 63-materialet har som tidlegare nemnt gått ganske fort, men har likevel vore meir krevjande en me fyrst trudde. Det er grunn til å tru at korrekturlesinga av det øvrige materialet vil ta lenger tid. 63-materialet utgjør ca. halve materialet.

Det vil bli naudsynt med ein tredje gjennomgang av materialet etter korrekturlesinga. Dette blir ein ”redaksjonell” gjennomgang, der ein ser på konsekvens i føring, inndeling i undertydingar o.l. Denne gjennomgangen vil ta mykje kortare tid enn korrekturlesinga, men er avgjerande for kvaliteten på sluttproduktet.

Til slutt skal heile materialet jamførast med *Bokmålsordboka* for å finna graverande manglar, som så må leggjast inn i basen.

Av det opphavlege overslaget på 4-5 år gjenstår det nå 2-3 år. Som sagt så mange gongar før: Det er svært vanskeleg å seia sikkert kor lang tid dei ulike etappane vil ta. Det står mykje arbeid igjen, men på den andre sida er det truleg slutt på dei store, forseinkande

overraskingane me fekk i 2001 og 2002. La oss derfor halda fast ved 2-3 år, utan at det må oppfattast som eit bindande løfte.

5. Tidsrekneskap

For 2003 kan me setta opp fylgjande tidsrekneskap for ordbokarbeidet (tala viser talet på timeverk):

Lønna av Uhlen	310
GET, dugnadsmøte	165
GET, ordbokskvarter	35
Jardar E. Abrahamsen	20

Totalt	<u>530</u>

Tomas Jansson sitt arbeid med fagtermar innan medisin, anatomi, fysiologi og biologi er ikkje med i rekneskapen.

Trondheim, 19.1.2004

For redaksjonsnemnda,
Kjell Heggvold Ullestad